



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar ref

Vår ref
12/690-15

Dato
29.6.2012

Statsbudsjettet 2012 - Kap. 552, post 72 - Tilsegn om tilskot på inntil 2 542 000 kroner til Volda kommune, Studiebygda - Kompetanse- og kulturklynga på Møre - Bulyst 2012

Tilsegnnummer: 12242033

Vi viser til:

- Utlysning av bulystmidlar på www.regjeringa.no/bolyst
- Søknad frå Volda kommune av 5. mars 2012.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gir med dette tilskot på inntil 2 542 000 kroner til prosjektet Studiebygda - Kompetanse- og kulturklynga på Møre i regi av Volda kommune i 2012. Dette er ei eingongsløyving for heile prosjektperioden. Prosjektet kan ikkje rekne med ytterlegare medfinansiering frå KRD.

Målet med bulystsatsinga

Målet med satsinga på bulyst er å vidareutvikle kunnskap om korleis lokale og regionale utviklingsprosjekt skapar bulyst og attraktive stader. Dei 19 prosjekta som er valde har ulik innretting, ulike tema og stor geografisk spreining. Dette viser breidda og variasjonen knytt til omgrepet bulyst. Vi er opptekne av at bulystsatsinga skapar læring, merksemd og engasjement rundt lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Departementet vil oppfordre fylkeskommunane til å ta ein rådgjevar- og støttespelarfunksjon for dei utviklingsprosjekta som no får støtte gjennom bulystsatsinga. Vi ser fylkeskommunane som ein heilt sentral nettverksbygger og regional tilretteleggjar for lokale prosjekt. Med utgangspunkt i fylkeskommunane si

Postadresse

Kontoradresse

Sakshandsamar

<http://www.krd.dep.no/> postmottak@krd.dep.no Telefon 22 24 90 90

Org no. 972 417 858

rolle som regionale utviklingsaktører er det naturleg at dei tek støttespelarrolla for prosjekta. Vi ønskjer at fylkeskommunane inkluderer dei som har lokalt prosjektansvar for bulystprosjekta i sitt arbeid med regional utvikling.

Kompetansesenteret for distriktsutvikling (Distriktssenteret) har ei sentral rolle i arbeidet med bulyst, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Prosjektansvarlege bør òg bruke www.distriktssenteret.no. Det er ein viktig portal for å finne erfarings- og forskingsbasert kunnskap frå andre satsingar og prosjekt.

Vi gjer dykk spesielt merksame på at Norsk senter for bygdeforskning har utarbeidd ein rettleiar i lokal samfunnsutvikling. Rettleiaren er utarbeidd som ein del av følgjevalueringa av den nasjonale småsamfunnssatsinga, som blei gjennomført av KRD i perioden 2006-2009. Rettleiaren kan lastast ned via følgjande lenkje, <http://www.regjeringen.no/upload/KRD/LUK/Fagstoff/Veilederilokalsamfunnsutvikling.pdf>. Vi håper at rettleiaren kan kome til nytte i dykkar vidare arbeid, og papirutgåva er difor òg lagt ved dette brevet.

Erfaringsoverføring og læring er ein viktig del av bulystsatsinga. Representantar for prosjektet må difor vere villige til å delta i evalueringar og på eventuelle nettverkssamlingar for å presentere prosjektet og dele kunnskap. Kunnskapsdeling kan skje både mellom dei ulike pilotane, og frå pilotane til KRD og Distriktssenteret. Vi ønskjer at prosjekta skal vere synlege, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mål for prosjektet

Prosjektet er oppfylging av Volda kommune sitt forprosjekt som fekk tildelt bulystmidlar i 2011. Hovudmålet er rekruttering og utvikling av kompetanse, og bygging av kulturell og sosial integrasjon i heile regionen spesielt for studentar, innflyttarar og innvandrarar. Prosjektet skal medverke til å styrke regionen si berekraft. Aktivitetar er m.a. å utvikle ein informasjonsportal, ulike møteplassar (festivalar, samfunnsdagar, karrierehjelp) og stimuleringstiltak for gründerar. Det er mange samarbeidspartnarar knytt til prosjektet, med brei offentleg og privat verksemd, og m.a. Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden som ein sentral part. I tillegg er det lagt inn midlar som skal dekke ei eige sluttevaluering av måloppnåing av sjøve prosjektet to år etter at det vert avslutta. Aktivitetane skal vidareførast utan vidare prosjektmidlar etter at prosjektet vert avslutta.

Delmål i prosjektet er:

- a) Digital integrasjon. Etablere sams digital informasjonsplattform for heile regionen på norsk og engelsk og spesielt tilrettelagt for behova til studentar, innflyttarar og innvandrarar.
- b) Sosial integrasjon. Samordna med digital integrasjon systematisere og vidareutvikle kulturelle og sosiale tilbod som samfunnsdagar, festivalar, kulturtilbod, arbeid i lag og organisasjonar m.m. som møtestad mellom alle grupper i samfunnet.

- c) Entreprenørskap. Systematisk hjelp til sjølvhjelp og tilrettelegging for studentar/kandidatar, innflyttarar, innvandrarar og fastbuande i bedriftsutvikling, tilrettelegging for utdannings- og arbeidslivkarriere – livslang utdanning.

Kostnadsoverslag

Prosjektet har eit totalbudsjett på 5 484 250 kroner. KRD gjev tilsegn om inntil 2 542 000 kroner over kap. 552, post 72 i 2012.

Følgjande budsjett ligg til grunn for tilskotet, for heile prosjektperioden fram til og med 2013:

Kostnader	SUM
2x50 % stillingsressurs	650 000
75 % stillingsressurs	731 250
Analyse/evaluering	300 000
Bistand til tilrettelegging og utgreiing	150 000
Designkostnad	250 000
Husleige	78 000
Ide og gründerfangst	500 000
Karrierehjelp	250 000
Kontordrift,møter,reiser	80 000
Kontordrift,reiser,møter	200 000
Lønnskostnadar prosjektleiar	975 000
Reiser, møter nettportalarbeidet	20 000
Samfunnsdagane	300 000
Sceneteknikk lyd,lys	800 000
Teknisk tilrettelegging,tilpassing av apps	200 000
SUM	5 484 250

KRD gir eit tilskot som er noko mindre enn omsøkt beløp. Vi ber difor om at Volda kommune sender inn revidert budsjett eller ny finansieringsplan. Fylkeskommunen har i si vurdering av prosjektet vist til at prosjektet med fordel kan spissast noko meir. Vi ber difor Volda kommune om å kontakte fylkeskommunen, og at fylkeskommunen og kommunen saman kjem fram til ei noko meir spissa prosjektskisse. Revidert budsjett og

prosjektskisse kan sendast i samband med stadfestinga av at tilskotet tas imot på dei vilkåra som er gitt. Frist for dette er 31. august 2012.

Vi gjer merksam på at midlar over kap 552.72 ikkje kan nyttast til investeringar i bygningar eller anna fysisk infrastruktur. Tilskotet skal som hovudregel ikkje nyttast til investeringar i utstyr. Unntaket er mindre investeringar som er avgjerande for gjennomføringa av aktiviteten. Tilskot til utstyr skal normalt ikkje overstige 10 pst. av projektkostnadane. Sjå retningsliner for posten på www.regjeringen.no/krd/retningslinjer.

Høvet til EØS-regelverk

Kommunal- og regionaldepartementet har vurdert det slik at Volda kommune i denne samanhengen ikkje driv med økonomisk aktivitet og at kommunen ikkje skal sjåast som eit føretak i EØS-avtalen sin forstand. EØS-avtalen sine reglar om offentleg stønad vert difor ikkje brukt på tilskotet.

Vi ber kommunen vere merksam på at dersom kommunen vidareformidlar heile eller delar av tilskotsbeløpet til andre aktørar må kommunen halde seg til reglane om offentleg stønad.

Kommunen bør også vere merksam på at dersom det vert gjort endringar i prosjektet vil dette kunne føre til at aktiviteten i prosjektet endrar karakter frå å vere ikkje-økonomisk til å være økonomisk. I slike høver vil reglane om offentleg stønad kunne kome til nytte.

Vilkår for utbetaling av midlar:

1. Volda kommune må innan 31. august 2012 stadfeste overfor departementet at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet, og at tilskottet vert motteke på vilkåra i dette brevet. Prosjektarbeidet må ikkje settast i gang før den samla finansieringa er på plass. Tilbakemeldinga til departementet må òg innehalde opplysningar om kva kontonummer pengane skal overførast til.
2. Prosjektet kan gjere mindre omprioriteringar og justeringar dersom dette er gunstig for å nå måla i prosjektet. Større endringar, som medfører endringar i prosjektet sitt totale budsjett, må godkjennast av departementet.
3. Det skal førast spesifisert rekneskap for arbeidet. Rekneskapen skal settast opp slik at utgiftene kan samanliknast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilskottet. Dersom arbeidet ikkje blir utført i omfanget de har skildra i søknaden, eller til dei kostnader de har gitt opp i søknaden, vil departementet redusere tilskotet tilsvarande. Tilskotsmidlar som departementet har utbetalt kan òg bli kravd tilbakebetalt, heilt eller delvis. Rekneskapsmaterialet skal oppbevarast i 10 år.
4. Riksrevisjonen, Kommunal- og regionaldepartementet eller dei departementet gir mynde, kan krevje informasjon frå tilskottsmottakar og sette i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Dette er i samsvar med Løyvingsreglementets § 10 og Lov om Riksrevisjonen § 12.

Tilskottsmottakarar har plikt til å gje opp dei opplysningane som Riksrevisjonen, departementet eller andre som departementet har delegert kontrollmynde til, forlangar.

Rapportering og kontroll

Læring og erfaringsoverføring er eit sentralt mål for bulystsatsinga. Difor ber vi dykk leggje vekt på god rapportering av prosjektarbeidet, både undervegs og med ein eigen sluttrapport.

Alle prosjekt som får støtte skal sende inn ein årleg rapport til departementet. Denne skal innehalde omtale av aktivitetar og tiltak, og gjere greie for eventuelle justeringar av prosjektplanen, både når det gjeld framdrift og aktivitetar. Sjå vedlagde rapporteringsskjema.

Vi ber om at den første, årlege rapporten vert sendt til departementet seinast 24. april 2012. De finn eit eige rapporteringsskjema som skal nyttast til rapporteringa på www.regjeringen.no/bolyst. Papirkopi av skjemaet er òg lagt ved dette brevet.

Utbetaling

For å få midlar må prosjekteigar be KR D om å gjere ei utbetaling (utbetalingsoppmoding).

Utbetalinga blir som hovudregel gjort i tre omgangar.

1. Departementet *kan* utbetale inntil 25 pst. av tilskottet når prosjekteigar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp (førehandsutbetaling).
2. Når departementet har motteke dokumentasjon av faktiske utgifter, vert inntil 50 pst. av det samla tilskottet utbetalt (etterskottsutbetaling). Dokumentasjon av utgifter bør følgje den årlege rapporteringa.
3. Den siste delen av tilskottet skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført, og sluttrapport og eventuell revisorstadfesta rekneskap (sjå punkt 5) er sendt inn (etterskottsutbetaling).
4. Alle prosjekt skal levere sluttrapport og prosjektrekneskap.
5. I tillegg skal revisorstadfestande rekneskap leverast av:
 - a) Private tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 100 000 kroner, jf. RS 800 Revisors uttale ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
 - b) Offentlege tilskottsmottakarar som tek imot meir enn 400 000 kroner, jf. RS 800 Revisor sine uttaler ved revisjonsoppdrag med spesielle føremål.
6. Tilskottet er gyldig i tilsagnsåret, og dei to påfølgjande åra. Prosjektet må vere avslutta slik at siste utbetaling frå departementet kan gjerast seinast innan utgangen av 2013. Utbetalingsoppmoding må sendast til departementet innan 1. desember 2013.
7. Prosjekteigar har ansvar på vegne av prosjektdeltakarane. Dette gjeld òg det finansielle ansvaret.

Ved kontakt med departementet om utbetaling må tilsegningsnummeret som står øvst i dette brevet nyttast. Ved utbetaling av midlar er dette nummeret gitt på utbetalingsblanketten.

Kommunal- og regionaldepartementet ber om at følgjande opplysningar blir sende til postmottak@krd.dep.no:

- Stadfesting på at prosjektet vert gjennomført og på at medfinansiering er på plass
- Revidert budsjett, finansierings- og framdriftsplan samt prosjektskisse.
- Behov for eventuell førehandsutbetaling
- Kontonummer og oppmodingar om utbetalningar (sjå under "Utbetaling").
- Ved store endringar i prosjektet: Ny framdriftsplan
- Årleg rapport (innan 24. april kvart år)
- Ved prosjektslutt: Sluttrapport og rekneskap i tråd med retningslinene over.

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer dykk lykke til med prosjektet.

Med helsing

Gerd Slining
Gerd Slining e.f.
avdelingsdirektør

Judette Korbjörn
for Kari R. Theting
rådgjevar

Vedlegg:

- Rettleiar i lokal samfunnsutvikling
- Rapporteringsskjema for bulyst

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktutvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune

Plan- og administrasjonsavdelinga

Riksrevisjonen

